


ÅRSMELDING 2021

Knarvik sokneråd



Godkjent av Knarvik sokneråd 30.03.2022

1. INNLEIING

2021 vart år nummer to som var prega av korona-pandemi, men kyrkja har ikkje vore stengt ned. Ein del aktivitetar og arrangement har vore avlyst heile eller delar av året. Vi har innretta oss etter nasjonale og kyrkjelege smittevernreglar. Periodevis har det vore sterke restriksjonar på kor mange som kunne vere samla. Det har vore avstandsreglar – 1 meter og 2 meter – og ekstra reinhald, mellom anna med vask av kyrkjebenkar og stolar. Vi har lært oss å planlegge, endre planar, utsette og snu oss fort rundt når det var mogeleg å samlast.

2. STRATEGIPLAN FOR KNARVIK SOKN

Stab og sokneråd jobba med strategiarbeid i 2020. Strategiplanen vart vedteke av soknerådet i januar 2021:

Visjon:

Kyrkja vår – ei bru mellom folk og tru.

Målsetting:

Vi ønskjer ei kyrkje

- der trua på Gud kan vekse
- med gode møteplassar der alle kan kjenne seg velkomne
- med eit variert kulturtilbod

Tiltak:

I perioden 2020-2023 ønskjer vi å prioritere:

- Fleire familiegudstenester i Knarvik kyrkje, 10 i året.
- Kyrkjekaffi etter dei fleste gudstenestene
- Søndagsskule/Juniorgruppe i Knarvik ein gong pr. måned
- Leikerom/-krok, leikekasse
- Etablere tilbod for tweens
- Etablere minst eit tilbod for ungdom i løpet av perioden
- Etablere onsdagsmiddagar i Alversund og Knarvik – med trusopplæringstiltak
- Etablere kyrkjelydsutval, arrangementskomité og praktisk komité
- Arrangere bibeltimar/temakveldar for vaksne 2-3 gonger pr. semester
- Rekruttere frivillige medarbeidarar, serleg til gudsteneste og barne- og ungdomsarbeid
- Samling/kurs for frivillige medarbeidarar på gudstenester våren 2021

3. KNARVIK SOKNERÅD pr 31.12.21

Janicke Gruehagen Lyngøy	Leiar. Misjonskontakt. Repr. trusopplæringsutval.
Kåre Jordal	Nestleiar. Representant i Stiftinga Alversund kyrkjelydshus
Hege Kristin Brekke	Kontakt Kirkens Nødhjelp
Tove Sneås Skauge	Vararepr. fellesrådet frå 01.09
Ole Danbolt Hagesæther	Representant i Alver kyrkjelege fellesråd (til 01.09). Repr. Kirkens SOS.
Maria Fosse Romarheim	Representant i Husnemnda, vararepr. Fjon Fjellkyrkje

Laila Mehl	Kontakt Kirkens Nødhjelp
Kristine Myrene Bleikli	Kontakt Kirkens Nødhjelp. Vararepr. (til 01.09) og representant (frå 01.09) i Alver kyrkjelege fellesråd (frå 01.09)
Jorunn Skaar	Medlem
Marie Therese Vabø	Medlem (permisjon i eitt år frå mai 2021)
Astrid Skaar Andersen	Varamedlem
Geir Øy/Helge Taranrød/Ole Marton Ølberg	Geistleg representant
Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn	Vara for geistleg representant

Arbeidsutvalet, som består av leiar, nestleiar og sokneprest, har hatt møte i forkant av kvart soknerådsmøte.

Ole D. Hagesæther hadde permisjon frå fellesrådet i eitt år frå 01.09.21.

Bente Natasja Zahl Røskeland (varamedlem) har flytta frå soknet.

Øystein Veland (medlem) døyde i desember 2021.

4. DEI TILSETTE MED TENESTE I KYRKJELYDEN 2021

Bjørn Furukawa	Kyrkjetenar	100 % stilling
Geir Øy	Sokneprest – til 1. sept.	100 % stilling
Helge Taranrød	Fungerande sokneprest 1. sept.-17. okt.	
Helle Leivestad Kartveit	Konfirmantlærer - vikar frå 1. mars	80 % stilling
Kristine Rykkje Hopland	Kyrkjelydspedagog – permisjon frå 1. mars	80 % stilling
Nina Jenny T. Monstad	Trusopplærer	80 % stilling
Odd Leif Mjøs	Kantor	100 % stilling
Ole Marton Ølberg	Sokneprest – vikar frå 18. okt.	100 % stilling
Synnøve Bjørndal	Dagleg leiar og prostesekretær	80 % + 20 %
Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn	Spesialprest - vikar	100 % stilling
Torbjørn Sæle	Spesialprest	Permisjon

Geir Øy slutta som sokneprest i Knarvik 1. september for å starte i jobb som sjømannsprest i New York. Fram til 17. oktober var prost Helge Taranrød fungerande sokneprest i Knarvik og oppgåvene vart fordelt på prosten og dei andre prestane i soknet. Frå 18. oktober var Ole Marton Ølberg vikarierande sokneprest i Knarvik.

Cathrine Grutle er tilsett som ny sokneprest i Knarvik sokn med oppstart 1. august 2022.

Magne Bjørndal er prostiprest/seniorprest i 50 % stilling. Han høyrer til staben i Knarvik kyrkje, og deltek aktivt i kyrkjelyden, samstundes som han gjer teneste i andre kyrkjer i prostiet. Prost Helge Taranrød har kontor plass i Knarvik kyrkje.

5. STATISTIKK

	2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015
Gudstenester søn- og heilagdag	102	95	89	91	96	96	89
Gjennomsnittleg frammøte	49	64	124	124	127	128	126
Gjennomsnittleg nattverddeltaking	30	50	56	66	61	55	52
Dåp	63	59	71	57	84	73	88
Konfirmantar	89	74	67	84	70	76	94
Vigsler	10	14	15	17	16	8	15
Gravferder	54	49	63	45	59	62	47

6. GUDSTENESTER

I Knarvik sokn har vi ei gudstenesteforordning som fungerer godt. Den har vore fulgt også dette året i den grad det har vore mogeleg.

Året starta med avlyste gudstenester. I slutten av januar vart det invitert til korte nattverdsgudstenester i Knarvik kyrkje, det var 3-4 gudstenester etter kvarandre med maks 10 til stades. På kyrkjebakken var det bålpanne og varm saft. I løpet av året har det vore ulike smittevernreglar og grenser for kor mange som kunne vere til stades.

Påskegudstenestene vart avlyst og erstatta av digitale gudstenester frå Knarvik kyrkje. Dette var eit fellesprosjekt i Alver med deltakarar frå alle sokna.

Mange har planlagt og utsett og funne nye tidspunkt for dåp i løpet av koronatida. I periodar med strenge grenser for kor mange som kunne vere til stades, har det vore tilbod om dåpsgudstenester for ein familie om gongen. Det har vore 23 slike dåpsgudstenester. Dåpsfamiliane har gitt gode tilbakemeldingar på desse gudstenestene.

Fleire gudstenester etter kvarandre og ekstra dåpsgudstenester gjer at tal på gudstenester er høgare i 2021 enn i 2019, sjølv om det var periodar med avlyste gudstenester. Men gjennomsnittstalet på frammøte pr. gudsteneste vart naturleg nok lågt.

17. mai var det felles friluftsgudsteneste på Håkonshaugen i Seim.

Konfirmasjonsgudstenestene vart flytta til september også dette året. Alversundkonfirmantane vart konfirmerte i Knarvik kyrkje.

Lygra har ikkje mange gudstenester i løpet av eit år, i november var det gudsteneste med dåp, utdeling av 4-årsbok og presentasjon av konfirmantar.

Før jul kom det nye restriksjonar og vi gjennomførte julegudstenestene med påmelding og maks 50 til stades.

Gudstenestemedhjelparar

Det har vore heilt nødvendig med gode medhjelparar på gudstenestene for å kunne følgje opp smittevernreglane, mellom anna namnregistrering og vask av stolar og kyrkjebenkar.

Podkast

Gjennom pandemien har ein forsøkt nye måtar å koma i kontakt med folk på, og nye tilbod har vakse fram. Nokre tilsette, prestar, diakon, kyrkjemusikar og trusopplærar har gått saman om å laga podkasten "Alverspraten". Den kom ut med fem episodar i løpet av 2020 og 2021. Podkasten "Presten tar praten" har sete i Knarvik kyrkje sitt lydstudio og er laga av spesialprest for barn og unge, Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn. Ho har med seg to frivillige som styrer lyd, teknikk og har stått for musikken i podkasten. I 2021 kom "Presten tar praten" ut med fem episodar. Begge podkastane ligg på iTunes, Spotify m.m., og [her](https://kyrkja.no/alver/podkast) (https://kyrkja.no/alver/podkast)

Solidaritetsgudsteneste

Solidaritetsgudstenesta i samarbeid med Knarvikmila var siste søndagen i august. Me fekk besøk av Marte Valle, artist og sjukepleiar med særleg engasjement for flyktnings situasjonen i verda, og utviklingsminister, Dag Inge Ulstein (KrF). Det vart ei fin gudsteneste med fokus på solidaritet over grensene.

Avskjed og utsending for Hilde og Geir

22. august var det avskjedsgudsteneste for sokneprest Geir Øy. Han og kona, Hilde S. Øy, flyttar til New York for å jobba ved Sjømannskyrkja der. Det var ei flott gudsteneste med etterfølgjande kyrkjekaffi. Kyrkjelyden, staben, soknerådet og bispedømet fekk anledning til å takka av Geir og Hilde, og Sjømannskyrkja var til stades for å ønska dei velkomen.

7. MELDING OM ARBEIDET

7.1. BØNEGRUPPE

Mandag ettermiddag samlast bønegruppa for å takke og be for kyrkjelyden, nærområdet, born/unge, vener, familie og andre aktuelle tema. Det siste året har vi nokre gongar møttest i kapellet i Knarvik kyrkje og elles digitalt i ei gruppe i messenger. Då skriv alle inn takke- og bønemner og ber heime. Det er godt å samlast i bøn anten det er i kapellet eller via skjermen.

7.2. TRUSOPPLÆRINGSTILTAK

Trusopplæringsplanen har som mål å inviterer alle årskull til minst ei årleg samling tilknytta kyrkja kvart år. Me har utvida med to nye tilbod, KyrkjeGym og Undretur.

Desse årskulla har blitt invitert til samling i kyrkja gjennom 2021:

- 0 - 1 (2) år: [Babysang](#); Mandag formiddag i skuleåret, i Knarvik kyrkje.
- 1 - 3 år: [KyrkjeGym](#); Leik, hinderløype, kort bibelsamling og evt matpakkekvelds, annankvar veke. Oppstart i oktober. Pga smittevern blei det kun to samlingar i 2021.
- 3 år: [Undretur](#); Ein laurdag i september blei 3-åringane invitert til å leike bibelfortellingar i kyrkjerommet i Knarvik kyrkje. Eit positivt pilotprosjekt, som me kan utvikle vidare, til ca 7 år.

- 4 år: Mi Kyrkjebok; 4-årsboka blir delt ut i Lygra kyrkja, Seim kyrkje og Knarvik kyrkje i ei familiegudsteneste. I Knarvik kyrkje blei halvparten inviterte på våren, og andre halvparten på hausten. Alle gudstenestene blei gjennomført som planlagt.
- 8 år: Tårnagenthelg - Bli kjent med kyrkjeromma laurdag og familiegudsteneste søndag; Me planla å sende ut invitasjonar, men samlingane blei koronaavlyst.
- 11 år: Lys Vaken - leir med overnatting i kyrkja; Invitasjonen var sendt ut, og planlegginga ferdig, men me måtte sende beskjed til dei påmeldte om at me måtte avlyse pga høge smittetal.
- 12 år: Lys Vaken Plus – leir med overnatting i kyrka; Me planla å ha leir for 12-åringane også, sidan dei gjekk glipp av Lys Vaken i 2020. Koronaavlyst denne gongen også.

Revidert trusopplæringsplan blei ferdigstilt, og godkjent lokalt i soknerådet. Planen blei også levert til rådgjevarane for trusopplæring ved bispedømekontoret.

7.3. KONFIRMANTARBEIDET

Året 2021 starta med nedstenging og for å følgje opp dei 89 konfirmantane i denne tida, laga vi undervisning på Snapchat. Konfirmantane fekk sjå ein kort video om eit tema og skulle sende inn svar på ei oppgåve om dette. Etter kvart blei det òg gruppesamlingar, fellesseminar og til slutt leir, som blei gjennomført i august på Dyrkolbotn Leirstad. Fasteaksjonen blei digital som året før, mens konfirmasjonsdagane vart utsett til september. Då fekk vi 13 fine gudstenester!

Årets nye konfirmantar, 2022-kullet, starta opp i oktober. Presentasjonsgudstenester, oppstartskveld og to gruppesamlingar blei gjennomført før ny nedstenging, samt ei av dei planlagde lysmessene (i Knarvik).

7.4. SAMARBEID BARNEHAGE – SKULE – KYRKJE

Julevandring i kyrkja for barnehagane blei gjennomført med dunder og brak. Gode tilbakemeldingar frå barnehagane på dette.

Skulegudstenestene blei avlyst kort tid før dei skulle gjennomførast. Det blei ikkje iverksett nokon alternative opplegg.

Nytt i 2021 var tilbod om Påskevandringar for 3. klassane for barneskulane i soknet. Me 'vandra' mellom sentrale bibelfortellingar. Ein vaksen fortalte, mens dei elevane som ville deltok med konkrete oppgåver, f.eks vinke med palmegreiner, fotvasking osv. Alle skulane ville vere med. Ein skule måtte koronaavlyse.

6.klasse ved Seim skule inviterte kyrkja til å undervise i KRLE-temaet "Kristne ritual gjennom livet - dåp, konfirmasjon, bryllaup, gravferd". To prestar gjennomførte undervisninga i Seim kyrkje. Dette var svært vellukka og er noko som alle skulane skal få tilbod om.

7.5. ANDRE TILBOD TIL BORN OG UNGE

Søndagsskule for dei minste borna har ikkje latt seg gjennomføre fordi me ikkje ville klare å halde nok avstand mellom barna, og dei vaksne som følgde barna.

Leikekassar: Som eit alternativ blei det laga til mapper med bibelfortellingar og teikneark, samt kassar/brett med leikar som barna kunne låne. Pga smittevern har Barnas Tårnrom måtte halde stengt.

Juniorane kunne møtast jamleg på Juniorgruppe fordi smittevernreglane opna for det. I vårsemesteret var det 2-3 samlingar i månaden, med ca 10 juniorar kvar gong. I haustsemesteret kom ca 5 juniorar på Juniorgruppe.

KyrkjeQuizen: I mai blei det laga ein KyrkjeQuiz for store og små med oppgåveark på kvart av dei fire hjørna utanfor kvar av dei 4 kyrkjene i soknet. Det var same konkurransen utanfor alle kyrkjene, slik at ein kunne besøke si lokale kyrkje. Ca 50 personar deltok. Tre vinnarar fekk premiar.

Fredagsklubb

Det har lenge vore eit ønske om å starta opp ein klubb for 5.-7. klasse i Knarvik kyrkje. Trusopplærarane, spesialprest for barn og unge og nokre frivillige gjekk saman om å starta dette i 2021. Før sommarferien vart det invitert til ei utesamling, etter ferien kunne ein starte opp med samlingar inne. Det var mange fine samlingar og ein god gjeng med born som kom til kyrkja dei fredagane det var Fredagsklubb. Det er sett opp Fredagsklubb ca annankvar fredag i 2022 òg.

På Fredagsklubben er det leik, aktivitetar, andakt, kiosk, spel, moglegheit til å bruka lydstudioet/musikkrommet, og meir til. Det har vore mellom 15-20 born på Fredagsklubben.

KFUK/M-speidarane

Speidarane har for det meste hatt møter annakvar veke ved Kyrkjelydshuset. I tillegg har dei vore på overnattingsturar lokalt og Bymanøver i Bergen. Speidarane opplever vekst og har ved utgangen av 2021 22 aktive medlemmer i alderen 10-18 år.

7.6. MØTEPlass FOR UNGDOM

Knarvik kyrkje, ved spesialprest for barn og unge, hadde eit møte med ungdomskordinator i Alver kommune, Robert Lorang-Hansen, om tilbod til ungdom i Knarvik. Dette starta som ein samtale vinteren 2021, som det vart arbeidd med vidare utover vårparten 2021. Det var eit godt samarbeid mellom Alver kommune, Ungdomskontakten Salto og Knarvik kyrkje. Tysdag 24. august 2021 starta Møteplassen for ungdom opp i Knarvik kyrkje. Målet med Møteplassen er å tilby ungdom ein open, trygg og god møteplass rett etter skuletid. Her kan ungdomane koma og vera saman, spela spel, vera i lydstudioet, leika, gjera lekser, slappa av, eta mat/handla i kiosken, og så vidare. Møteplassen er kvar tysdag, og samlar mellom 50-60 ungdomar kvar tysdag.

Bjørgvin bispedøme støtta Møteplassen med kr. 150.000 i eingongsstønad. Det har vore godt samarbeid med Knarvik sokneråd, staben i Knarvik kyrkje og Alver Kyrkjelege Fellesråd, både KSR og AKF har støtta Møteplassen økonomisk.

Det kom tidleg fram at det var behov for ein koordinator til å styra med Møteplassen. Sunniva Osland Øvretveit vart tilsett i ein 25% stilling. Ho har fått tilbod om – og takka ja til – forlenging av denne stillinga i 2022.

Det har vore med ein fin gjeng med frivillige på Møteplassen.

Møteplassen har søkt om økonomisk støtte hjå BufDir (får svar i mai 2022), og frå Lions. Lions har støtta med 10.000 kroner til utstyr.

7.7. KOR-ARBEID

Knøttekoret

er eit kor for born frå 2-3 år til og med 1. klasse. Hovudaktiviteten i koret er song. Men det er og andre aktivitetar som rytme, leik og bibelformidling.

Våren 2021 var det ingen samlingar pga pandemien. Hausten 2021 var det 8 samlingar/øvingar, der den siste øvinga var ein open minikonsert der slekt og venner var invitert. Koret deltok og på ei familiegudsteneste.

Sing Singeling

hadde ikkje øvingar våren 2021. I løpet av hausten var det 16 samlingar, med oppvarmingsøvingar, songar, dans og leik. Vi prøvde oss med å lage melodiar med handklokker og lar mange ulike barn prøve seg som solistar.

Vi sang på Misjonsmesse med NMS i november, men julekonserten måtte avlysast pga restriksjonar.

Therese Hystad Aakre er dirigent og pianist, Helle Kartveit er hjelpedirigent og organisator.

SingOut

hadde 21 øvingar i vårsemesteret med ca. 12 medlemmer. Hausten 2021 var det 17 øvingar, då var det ca. 7 medlemmer med.

Sing Out var med på 2 gudstjenester før sommeren og 1 på hausten. I juni var det konsert i Knarvik kyrkje og koret song på Misjonsmesse for NMS i november. Koret hadde ei overnatting i Knarvik kyrkje på våren og har i tillegg til øvingar hatt 3 sosialkveldar. Koret har prøvd seg på ulike instrumenter og handklokker, i tillegg til song, dans og innspeling av musikkvideo til påske.

Leiar og dirigent er Helle Kartveit. Koret har ikke hatt fast pianist, men Therese Hystad Aakre spelar når det trengst på opptredener.

Knarvik Gospel melder om eit utfordrande og vanskeleg koronaår for koret. Dei hadde tre øvingar i løpet av året, i oktober/november.

Alversund kammerkor har hatt øving delar av året. Koret deltok på salmekveld med Eivind Skeie i september og kunne invitere til konsert i november med solistar og orkester. Mozarts Requiem sto på programmet.

7.8. KONSERTAR/KULTUR

Også dette året var det langt færre konsertar enn det har vore tidlegare år. Men sommarkonserten i Lygra kyrkje med Kjersti Møllerup Wiik, Frode Skag Storheim m.fl. vart gjennomført. Dette har vorte ein god tradisjon.

Hausten 2021 var det fleire konsertar, men julekonsertane dei to siste vekene før jul vart avlyste på grunn av nye smittevernreglar.

22. juli-markering

I samarbeid med Nordhordland AUF og Alver Arbeidarparti skipa Knarvik sokn til ei markering av at det er ti år sidan 22. juli-terroren. Det vart ei flott og sterk markering, med tale frå AUF, sofasamtale leia av spesialprest Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn, fin og viktig musikk ifbm. 22. juli, roser, gode ord, og tid til å vera stille og minnast. Markeringa vart avslutta med at kyrkjeklokkene ringde klokka 12.00, samstundes som kyrkjeklokkene ringde over heile landet. Det var mange folk i kyrkja denne dagen.

7.9. OPEN KYRKJE / MÅLERIUTSTILLING I KNARVIK KYRKJE

I fastetida var det open kyrkje onsdagar i Knarvik, med tekstlesing og orgelmusikk. På kyrkjjetorget hadde Elna Bauge frå Radøy måleriutstilling.

7.10. OPEN KYRKJE I ALVERSUND

Under oppussinga av kyrkja i april vart ein minte om at mange er interessert i kyrkja og mange hadde ærend til kyrkja og gravplassen. Som eit forsøk vart det organisert open kyrkje med klare smitteverntiltak frå midt i mai til litt ut i juni. Ordninga vart ikkje annonsert og frammøtet var avgrensa. Eit unntak vart open kyrkje 17. mai om formiddagen der rundt 25 personar var innom. Forsøket fristar til oppfølging!

7.11. STRIKKEKAFÉ

Strikkekaféen har begynt å etablere seg. Så lenge smittevernreglane har tillate det, har det vore samling om kvelden på oddetalsonsdagar i Knarvik kyrkje, med kaffi/te og god prat, med eller utan strikkesø.

7.12. KYRKJEKLUBBEN

«Kyrkjeklubben», som er for menneske med utviklingshemming, har samling første måndag i månaden. Tiltaket er eit samarbeid mellom Osterfjorden sokneråd og Alversund sokneråd. Det har vore arrangert 6 samlingar i klubben i løpet av året. Frammøte har variert frå 8-15 medlemmer, men tendensen er at når det er mogeleg å møtast jamt og samanhengande, har frammøtet gått opp. Samlingane har som før vore med ei tredeling: aktivitetar, kveldsmat og ein gudstenestedel. Dei fleste samlingane har vore med eigne folk, og det har vore god stemning og godt å sjå kvarandre. I tillegg var det ein stor happening i oktober som var svært vellukka, då det var trylleshow med Tryllekunstnaren «Geirini».

7.13. FREDAGSKAFFI I ALVERSUND

Kaffikosen i Alversund kyrkjelydshus skifta namn til **Fredagskaffi**. I 2021 var det 3 samlingar i løpet av hausten. Det har vore 20 - 30 personar kvar gong og det er ein tilvekst av yngre pensjonistar.

7.14. SORGGRUPPE

I 2021 vart det oppretta eit nytt tilbod for heile Alver. Diakonane i Alver starta i samarbeid med Kreftkoordinator i kommunen tilbod om sorggruppe. Det vart gjennomført ei gruppe våren 2021, med til saman 10 samlingar. Samlingane var i Alversund kyrkjelydshus. Dette er eit tilbod me ynskjer å kunne fortsetje med, og gjerne utvide til fleire grupper.

7.15. MISJONSPROSJEKT

Kyrkjelyden i Seim har avtale med Det Norske Misjonsselskap (NMS) om å støtte eit misjonsprosjekt i Etiopia. Kyrkjelyden i Alversund/Knarvik støttar eit NMS-prosjekt i Estland.

7.16. FACEBOOK OG HEIMESIDE

Facebooksida «Knarvik kyrkje» har 1138 følgjarar og får litt respons på innlegg om gudstenester, trusopplæringstiltak, konsertar m.m. Facebook er ein viktig kanal for å koma i kontakt med kyrkjelyden og for å dela informasjon.

Seim kyrkje , Lygra kyrkje og fleire av aktivitetane i soknet er også på Facebook.

I tillegg har kyrkjelydane fleire Facebookgrupper, som Babysang, Knøttekoret, konfirmantføresette, osv.

Nettsida for Knarvik sokn har adressa www.kyrkja.no/knarvik.

Her kjem det informasjon, kalender med oversikt over aktivitetar og referat frå ting som har skjedd.

8. UTVAL, NEMDER OG ANNA VERKSEMD I KYRKJELYDEN

8.1. HUSNEMND KNARVIK KYRKJE/DUGNADSGRUPPE

Soknerådet har ei husnemnd som tar føre seg praktiske spørsmål knytta til Knarvik kyrkje. Hausten 2021 vart det oppretta ei dugnadsgruppe i Knarvik kyrke. Det første prosjektet var «skogrydding» nedanfor kyrkjeveggen. Damene har rydda og vaska i skuffer og skåp på kjøkken i kyrkja og gruppa har vore med i arbeidet på kyrkjeloftet.

8.2. KYRKJELYDSUTVAL

Det er oppretta kyrkjelydsutval i Alversund, Seim og Lygra. I Seim og Lygra har utvalet mellom anna ansvar for å finne medhjelparar til gudstenestene og føreslå offerføremål. I Knarvik er det oppretta ein arrangementskomité. Det er også planlagt ein praktisk komité i Knarvik. Der trengst det fleire medlemmer.

Arrangementskomitéen i Knarvik kyrkje

Det har ikkje vore lett å arrangera samlingar i pandemitida. Ved å nytte kyrkjerommet har det likevel vore tre godt besøkte bibelkveldar der vi møtte apostlane Peter, Paulus og Johannes.

I haust var forfattaren og salmediktaren Eyvind Skeie i lag med oss på salmekveld, saman med Alversund kammerkor. Det blei ein inspirerande kveld med fullsett kyrkjerom og lødig kyrkjekaffi.

Kyrkjeutvalet på Seim hadde møte i desember. Ei av oppgåvene på møtet var å sette opp og pynte eit riktig så pent (og høgt) juletre.

Kyrkjeutvalet i Alversund har hatt ei handfull møte gjennom 2021. Det har vore prat om dugnad - då ein dugnadsgruppe har stått på for å få kyrkja i betre stand innvendig! Arbeidsutvalet har lagt planar for tida etter covid-19, og noko av det som er høgst på lista er å få starta opp med middag i kyrkjelydshuset. Dette vil utvalet jobba vidare med i 2022.

8.3. FRIVILLIGHETSFEST

Soknerådet og staben inviterte til frivillighetsfest 3. november. Dette var ein fest for frivillige medarbeidarar – og dei som ønskjer å verte engasjerte som frivillige. Det var informasjon om aktivitetar i kyrkjelyden, tale v/ Ole Marton Ølberg, song ved Ingrid Helene Raunehaug, god mat og hyggeleg prat rundt borda. Dette var ein triveleg kveld for dei ca. 50 som var til stades.

8.4. «ROSEPROSJEKTET»

Jubilantar får helsing frå kyrkjelyden frå dei fyller 80 år og kvart femte år etter det. I Lygra er det blomehelsing også til 75-åringane. Det er til saman 17 «rosebærarar» som er med i dette arbeidet.

8.5. KYRKJEKONTAKTEN

Kyrkjelydsbladet kom ut med fire nummer i 2021. Inntektene er frivillige gåver og annonsar. Kyrkjekontakten har ein lokal redaksjon, og er med i eit samarbeid med andre sokn i Alver kyrkjelege fellesråd om noko fellesstoff, felles trykk og nokre felles annonser. Det er felles redaksjonsmøter.

Lokal redaksjon har vore Øystein Skauge og Geir Øy. Frå nr. 4/21 har det vore Øystein Skauge, Synnøve Bjørndal og Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn. Redaktør er Gunvor Taule Mjanger. Frå 2022 er alle sokna i Alver (pluss Modalen) med i dette fellesprosjektet.

9. KYRKJEBYGG OG ALVERSUND KYRKJELYDSHUS

9.1. DUGNAD ALVERSUND KYRKJE

Eit fond som følgde Alversund kyrkje inn i det nye Knarvik sokn opna våren 2021 for ideen om å skifta ut den heilt utslitne løparen i våpenhus og kyrkjerom. Som ofte elles så hadde dette enkle prosjektet nokre følgjer; som at golva i dei to romma burde pussast og målast først. Når då benkane måtte flyttast for å laga plass for målearbeid, melde tanken seg om å måla benkane i same slengen. Desse vart berre beisa i 1978/79 og skulle målast seinare! Kyrkjelydsutvalet slutta seg til dette arbeidet og sendte i mars søknad om tiltaka inn til ei heller byråkratisk mølle, men som mol hurtig og greitt med god hjelp frå sokneråd, fellesråd og bispekontor!

Alt i byrjinga av april kunne ein stor dugnadsgjeng ta fatt. Heile 21 personar har i løpet av året utført dei ulike jobbane. Litt meir oppussing enn planlagt vart det og, m.a. oppfrisking/flikking av svært så slite inventar, oppfrisking av kjøkkenet m.m. I slutten av april

framstod kyrkja alt i ein fin bunad, takka vera ein stor og velvillig flokk, hovudsakleg pensjonistar. Utgangspunktet for dugnaden, ny løpar, kom ikkje på plass før hausten 2021 pga feil i leveringa. Dugnadsviljen har vore stor og truleg vert det fleire prosjekt som kan halda den vakre Alversund kyrkja viktig og fin for folket her.

9.2. VEDLIKEHALD LYGRA KYRKJE

Fellesrådet fekk korona-tilskot via kommunen i 2020 til vedlikehald av kyrkjebygg. Ei av kyrkjene som fekk nytte godt av dette, var Lygra kyrkje. Det var driftsleiar i fellesrådet som leia dette arbeidet, men det var også litt dugnadsarbeid.

Kyrkja:

- Skifta roten kledning og måla heile kyrkja med linoljemaling.
- Restaurert alle vindauge i koret, tårnet og austsida av kyrkja.
- Lagt nytt yttertak på dåpssakristi og byta roten karm i ytterdør prestesakristi.
- Lagt lufting bak all kledning.
- Bytta øydelagt skifer og festa lause, samt tilhøyrande arbeid.

Skulehuset/kyrkjestova:

- Huset er spyla og alle vindauga malt på dugnad.
- Huset er grunna og måla to strøk.

Utedoen er reparert og gjort om til lagerbygg:

- Fjerna all innreiing og rot.
- Bytta roten kledning og bjelkar og laga ny stor dør i front.
- Måla grunning og begynt på toppstrøk. (restarbeid i 2022)

Det er også gjort arbeid på elektrisk anlegg og om lag halvparten av gjerdet rundt kyrkja er måla. Det står att noko arbeid som vert gjennomført når det er økonomi til det.

9.3. KNARVIK KYRKJE

I løpet av 2021 har det vore jobba med lydanlegget i kyrkjerommet. Det er også arbeidd med retting og justering av varme- og luftanlegg i kyrkja for å få dette til å fungere slik det var meint.

Helge Tangen, med hjelp frå dugnadsgruppa, har lagt golv og montert trapp til «kyrkjeloftet» slik at det kan brukast som lagerplass. Stor takk til Helge Tangen for dette prosjektet og mange andre prosjekt gjennom året!

9.4. LYDSTUDIO

Heilt frå kyrkja var ny har det vore planar om eit lydstudio i Knarvik kyrkje. Det har kome litt pengar til dette, og det har vore noko utstyr i studioet, men det har ikkje vore sett skikkeleg i stand. I 2021 vart dette teke tak i. Det vart søkt om pengar frå Kyrkjerådet, og lydstudioet fekk tildelt kr. 50.000 til å bruka på utstyr og for å få det i gang. Eldsjel og frivillig, Rune Haugland, har lagt ned ein enormt stor og god innsats for å finna ut kva utstyr som er lurt og bra, han har bestilt og installert. All ære til Rune Haugland!

I løpet av året, når lydstudioet var klart, har det vorte nytta av nokre vaksne som har øvd med band, det har vorte spelt inn podkassar, det har vore ungdomar innom og øvd på song, med band og instrument, ein musikkstudent har spelt inn eksamensoppgåve, og studioet har vore i bruk under Møteplassen for ungdom. På Møteplassen er det eit eige køsystem for å få nytta studioet, og det er i bruk heile opningstida. Det er veldig kjekt å sjå ungdom som får utfalda seg, får prøva nye ting og har det kjekt i lydstudioet!

9.5. ALVERSUND KYRKJELYDSHUS

Alversund Kyrkjelydshus tener ulike formål og har eiga heimeside «kyrkjelydshuset.no» der ein kan finna informasjon og tinga leige av lokale. Eit særst ynskje er å leggja til rette for barne- og ungdomsarbeid.

Barnekor, speidar, bibel- /samtale-gruppe, fredagskaffi m.m. har hatt aktivitet, særleg i haustsemesteret. Alversund kammerkor har også vore innom huset med øving(ar).

Tilfeldig utleige av lokale/kjøkken er litt betre enn i 2020, men redusert noko i høve til det som tidlegare har vore vanleg.

Gjeld pr. 31.12.2021 er kr 377.841 i form av rest-lån. Med årleg avdrag kr 70.000 vil dette bli nedbetalt i 2027.

Grunna den økonomiske stoda er det utført kun naudsynt vedlikehald i huset dette året.

Styret er samansett slik: Soknepresten i Knarvik; frå Knarvik sokneråd: Kåre Jordal; frå Kyrkjeringen: Berit Dale Øgaard; frå brukarane av huset: Rebekka Nordbustad og Øystein Valle (leiar). Kasserar er Oddvar Sundsbø.

Styret vil retta stor takk til alle som støttar Kyrkjelydshuset sitt arbeid.

Nye Kyrkjeringen i Alversund

Kyrkjeringen har no 12 medlemmer og har som formål å arbeida for å skaffa midlar til drift av Kyrkjelydshuset og ta del i drifta ved dugnad og tilsyn.

Den årlege basaren i februar som jamt over har hatt ein netto inntekt på ca kr. 80.000 måtte gå ut. Utleiga vart og redusert og med det vart det mindre å gjera med tilsyn. Dugnad vart gjennomført i april med vask av kjøkken, gang og peisestove. Gjennom året vart det jobba med mål om ny basar i 2022, men omikronen gav avgrensing til å berre gjennomføra utlodding.

10. ØKONOMI / UTLEIGE I KNARVIK KYRKJE OG KYRKJELJELLAREN

Rekneskapen for 2021 blir lagt fram på årsmøtet. Driftsrekneskap viser eit overskot på kr.12.294,-.

I eit år med mindre aktivitet og færre arrangement, er det ekstra viktig med faste inntekter. I 2021 var det 24 faste gjevarar som gav kr. 174.000 til kyrkjelydsarbeidet og til Knarvik kyrkje.

Knarvik sokn har ansvar for lånet på kyrkjekjellaren. Dette vert finansiert ved inntekter på konsertar og utleige av kyrkjekjellaren. Fellesrådet betalar for leige av kontor. Sjølv med færre konsertar og mindre utleige enn tidlegare år, er det berre eit mindre beløp som må dekkast av fond.

Lån kyrkjekjellaren 2021	
Leigeinntekter konsertar	93 813
Husleige kontor frå fellesrådet	150 000
Avdrag betalt i 2021	-266 660
Renter betalt i 2021	-82 092
Beløp som skal betalast til fellesrådet	-104 939
Leigeinntekter kyrkjekjellaren	109 776
Ta av fond	-3 980

Det står kr. 87.000 på Fond renter/avdrag Knarvik kyrkje.

11. SLUTTORD

2021 vart prega av pandemi og nedstengingar. Like fullt har vi fått til mykje som vi kan gleda oss over. Ein stor takk til alle tilsette og frivillige som har gjort det mogleg!

2022 er eit år kor me ønskjer å rette eit ekstra stort søkjelys på den frivillige tenesta i kyrkjelydane våre. På nasjonalt plan vert dette kalla for Frivillighetens år, og vi vil både lyfte fram dei som allereie gjer ei slik teneste, samt utfordre fleire til å engasjere seg i ulike oppgåver.

Vi har eit godt og allsidig fellesskap i kyrkja vår, og ser fram til meir av det i året som vi no er inne i 😊